

# **Innspel til jordbruksforhandlingar Buskerud sau og geit.**

## **Forslag til endring av tilskudd for saueholdet.**

### **Bakgrunn:**

- Det blir produsert for lite lammekjøtt i Noreg.
- Det er for låg produksjon pr. mordyr. Av 770 000 tilskuddssau blir det produsert ca 890 000 slaktelam. Ca 1,2 slaktelam pr. tilskuddssau. (eller 1. slaktelam pr. produksjonssau, medrekna påsettlamma, som lammar fyrste produksjonsår.)
- Slaktesøyre blir i mange tilfeller fora til over nyttår pga. telldato og tilskot.

Buskerud sau og geit meiner ein derfor i åra framover i større grad bør innrette dei årlege produksjonstilskota til dagens ordning for lammeslakt. Eit levande landbruk med dyr på beite, og eit godt pleia kulturlandskap kan bli ei utfordring om ikkje økonomien i saueholdet blir styrka. Reiselivet treng eit Norsk landbruk, og levande bygder.

### **Forslag til endringar:**

1. Buskerud sau og geit ber NSG vurdere eit 3-årig prosjekt med mål om å auke antall kg. produsert kjøt pr. såye frå 26 kg i dag til f.eks 30 kg. Det er svært dårlig samsvar mellom resultata me ser gjennom auke i avlsindeksar frå år til år, og det faktum at årsproduksjonen pr. såye har lege flatt på 26 kg. Saueavlens har eit uttala mål om at me skal levere 2 lam pr. vinterfora produksjonssau. Eit slikt prosjekt kunna fått fokus på kva som er flaskehalsane for å utnytte resultata på avlssida på ein betre måte. Prosjektet måtte ha lokal forankring blant anna fordi det kan vera ulike flaskehalsar frå region til region. Ein bør gjennom prosjektet sjå på innrettingane til produksjonstilskotet.
2. Buskerud sau og geit ber NSG om å gjere innspel til jordbruksforhandlingar, der telldato pr. vinterfora sau blir endra til 1. juni. Ein skal då medrekne alle vaksne sau og påsettlam som er i produksjon, og som går med lam på beite. (Værhald/avl må vurderast.)
3. Produksjonstilskot i åra framover bør innrettast slik at overføringane blir produksjonsmotiverte. Dette kan innebere at ein gradvis av utviklinga prioriterer dagens ordning med tilskot til lammeslakt.
4. Delar av potten som kjem gjennom jordbruksforhandlingane går ikkje direkte til bonden. Ein av utfordringane våre er rekruttering til småfehald og jordbruk. Om me ynskjer rekruttering og større produksjon i jordbruket, bør ein i større grad stimulere til investeringsstøtte, og ordningar for nytablerarar.

Buskerud sau og geit v/styret

Tor Grøthe, leiar.